



Norconsult AS
Postboks 1199
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3356 - 16/1274

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2016

Mellombels utsleppsløyve Alverstraumen -

Administrativt vedtak. Saknr: 163/16

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søker: Norconsult As
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. Forureiningsforskrifta kap. 13

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om auka utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Alverstraumen avlaupsreinseanlegg. Gjeldande utsleppsløyve av 21.03.1997 er gitt for inntil 600 pe. Det vert no søkt om å auka utsleppet med 300 pe til 900 pe på grunn av planlagt fortetting av bustadmassen.

Søknaden medfører inga endring av utsleppsstad eller plassering av anlegg. Eksisterande slamavskiljar skal nyttast, men tømmefrekvensen skal aukast for å oppnå tilfredsstillande reinsing. Det skal etablerast prøvetakingspunkt for måling av suspendert stoff (SS) på utløpet frå slamavskiljaren. Utover dette medfører endringa i utsleppsløyvet ingen fysiske tiltak.

Det vert søkt om mellombels utsleppsløyve då avlaupsvatnet på sikt skal overførast til sentralt reinseanlegg i Knarvik som er planlagt ferdigstilt i 2024.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.09.2015 med oppdatering mottatt 16.12.2015.

Planstatus

Avlaupsanlegget er plassert innanfor område som er omfatta av reguleringsplan for Alverstraumen (Rognaldsen Bakeri) gnr 132 og 133. Arealet der reinseanlegget ligg er avsett til kommunaltekniske anlegg.



Utsleppsstaden ligg i sjøområde som i kommunedelplanen for Alverstraumen er avsett til område for særskild bruk og vern av sjø og vassdrag.

Nabovarsel

Søknaden om utsleppsløyve er varsla på kommunen sine heimesider, i Avisa Nordhordland og i Bergens Tidende med 4 veker høringsfrist. Det er ikkje registrert nabomerknader.

Høyring

Søknaden har vore send på høyring til Fiskarlaget Vest, Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.

Det er kome inn følgjande høringsuttalar til søknaden:

Fiskeridirektoratet Region Vest:

Viser til brev datert 10.09.2015.

Der varslar de at Lindås Kommune vil søkje om midlertidig utsleppsløyve for auka tilknytning til eksisterande avløpsanlegg i Alverstraumen reinse-distrikt.

Årsaken til dette er ei planlagt fortetting i bustadmassen i området.

Utsleppsløyvet Lindås Kommune har i dag gjeld for 600 pe, dei vil søkje om å få dette utvida til 900 pe.

Eksisterande leidning ligg på 15 m djup, om lag 30 m frå land.

Fiskeridirektoratet region vest si interesse i slike utsleppssaker er å sikre marint mangfald, samt fiskeri- og havbruksinteressene i området.

Det er viktig at tiltakshavar har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og omkring det aktuelle området.

Det er registrert eit gytefelt for torsk om lag 200 m lenger nord.

Vi kan ikkje sjå at ei auke i utsleppet av reinsa avløpsvatn kan føre til større ulempe for dette gytefeltet.

Fiskeridirektoratet region vest har difor ingen merknad til midlertidig utviding av utsleppsløyvet frå Alverstraumen Avløpsreinseanlegg.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum:

Ved Bergens Sjøfartsmuseum har vi nå sett på saken. Avløpsledningen er ført ut i den bukten hvor det gamle gjestgiveriet i Alverstraumen lå. Dette var i sikker bruk fra 1660, muligens tidligere. Det siste hotellet brente ned i 1920.

Problemet i dette området er at svært mange i de senere år har lagt ut sine båtfortøyninger i området, noe som kan ha påvirket de kulturminner som måtte finnes der.

Bergens Sjøfartsmuseum har ikke innvendinger mot den foreslåtte utslippsledningen.

Fylkesmannen i Hordaland:

Vi viser til oversending datert 10. september 2015 om søknad om mellombels utsleppsløyve for auka tilknytning til eksisterande avløpsutsløpp.

Lindås kommune, Teknisk drift, avdeling for vatn og avløp søker om løyve til auka utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Alverstraumen avløpsreinseanlegg. Utsleppsløyve av 21. mars 1997 omfattar utslepp frå slamavskiljar med maksimalt 600 pe (personekvivalentar) tilknytt. Grunna planlagt foretting med bustader, ventar ein at busette vil auke gradvis med 300 pe til 900 pe. Det vert søkt om eit mellombels utsleppsløyve, då alt avløpsvatnet på sikt skal overførast til sentralt reinseanlegg.

Avløpsanlegget ligg i mindre følsamt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta. Utsleppet på 15 meters djupne og slamavskiljarar er etablert og skal drivast i samsvar med krava i § 13-6 til § 13-16. Utsleppet vert auka vesentleg, jf. § 13-8 i forureiningsforskrifta og må tilfredstille reinsekravet i bokstav a eller b i forskrifta. For å klare det, skal ein auke tømmefrekvensen av slamlageret. Kommunen må også krevje at slamavskiljaren vert utforma slik at prøvetaking kan skje i tråd med forureiningsforskrifta, §13-12 Prøvetaking.

Forureiningsforskrifta har standardkrav til utsleppsløyve. Kommunen som forureiningsmynde har plikt til å vurdere om løyvet oppfyller krava i vassforskrifta og naturmangfaldlova. Det vil sei at kommunen må la det gå fram av vedtaket om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta § 13-5 om handsaming av søknaden, at de har vurdert om utvidinga av anlegget og utsleppsløyvet vil kunne skade naturmangfaldet i området.

Vi har ikkje andre kommentarar til søknaden.

Reinseløysing/-krav

Omsøkte utslepp går til sjø i mindre følsamt område, jf områdeinndelinga i vedlegg 1 punkt 1.2 til kap 11 i Forureiningsforskrifta.

Avlaupsvatnet vert i dag reinsa i slamavskiljar i samsvar med § 13-8 bokstav d. Det er lagt til grunn for søknaden at reinsekravet i § 13-8 bokstav b skal oppfyllast ved å auke tømmefrekvensen av slamlageret. Prøvetaking skal gjennomførast i tråd med § 13-12 i Forureiningsforskrifta, tidsproporsjonalt med minimum 6 døgnblandeprøvar per år. Prøvetakingskum skal etablerast like nedstrøms slamavskiljaren.

Utsleppsstad

Utsleppet frå reinseanlegget vert ført til Alverstraumen. Utsleppspunktet ligg på ca 15 m djupne, 30 meter frå land. Reinsedistriktet si avgrensing, anlegget si plassering og utsleppsstad er vist i kart journalført 16.12.2015.

Når det gjeld vurdering av resipienten skriv søkjar følgjande:

Det er svært gode straumforhold i resipienten, og det er ikkje registrert uheldige lokale påverknader av dagens utslepp. Det vurderast heller ikkje som sannsynleg at det vil bli det som følgje av det auka utsleppet av reinsa avløpsvatn, så lenge ein talar om eit avgrensa tal år. Deler av utsleppsvatnet vert ført nordover til Radsundet og på sikt ønsker Lindås kommune å avgrense tilførselen av særleg nitrogen og fosfor til dette området.

Det er vidare gjort greie for følgjande :

g) Andre interesser

Det er ikkje registrert endringar i interesser som blir påverka av utsleppet sidan førre utsleppsløyve vart gjeve (friluftsliv, fiske og anna). Grunna den sterke straumen gjennom området, samt generelt vanskelig tilkomst frå land til sjø, er det minimal badeaktivitet i området.

Auka avløpsmengd gjennom slamavskiljaren er ikkje forventa å gi negative påverknader.

Vassforskrifta

I tiltaksprogram for vassregion Hordaland for perioden 2016 – 2021 datert 02.10.2015 er det for Nordhordland vassområde ikkje foreslått naudsynte tiltak for Radsundet.

Naturmangfaldslova

Utover nedsetting av ny prøvetakingskum, medfører endringa i utsleppsløyve ingen konkrete fysiske tiltak.

Auka utslepp vurderast ikkje å føre til negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er gode straumforhold i resipienten, og det er ikkje fare for uheldige lokale påverknader som følgje av det auka utsleppet av reinsa avløpsvatn, som vurderast å ligge godt innanfor toleevna til resipienten.

Drift og vedlikehald

Anlegget skal drivast i samsvar med krava i §§ 13-6 til 13-16.

VURDERING

Resipienttilhøve i Alverstraumen er ikkje direkte sårbare, men på grunn av straumtilhøva vert forureiningar i området ført nordover til Radsundet som er mindre eigna som resipient.

Radsundet er i miljøundersøkinga frå 2004 klassifisert med tilstandsklasse god (etter SFT-standarden) som er i samsvar med tidlegare registreringar. Men målingane har synt reduksjon i oksygennivået i botnvatnet i delar av året. Resipienten er difor å vurderast som sårbar.

I tiltaksprogrammet for vassregionen Hordaland for perioden 2016 – 2021 er det ikkje planlagt tiltak i resipienten.

Området Alverstraumen er i naturbasen registrert som svært viktig kartlagt friluftslivsområde. Det er elles registrert nokre lokasjonar med artar av nasjonal forvaltningsinteresse, mellom anna fugl i området.

Kommunen vurderer at den omsøkte auken av utsleppet som ei mellombels løysing ikkje kjem i konflikt med dei registrerte friluftsiinteressene, lokalsjonane knytt til ulike artar av nasjonal forvaltningsinteresse eller andre interesser som naturmangfaldlova skal ivareta. Det er heller ikkje gjort greie for, eller har kome fram gjennom søknadsprossessen, andre særskilde interesser som krev ytterlegare tiltak.

I gjeldande kommunedelplan for avløp for perioden 2013 – 2025 ligg det inne i tiltaksplanen at avlaupet frå Alverstraumen reinsedistrikt skal overførast til Radfjorden som del av arbeidet med sanering av utsleppa i området. Oppstart er planlagt til 2017. På grunn av nye opplysningar om resipienttilhøve i området må planane for sanering av Alverstraumen endrast. Gjennom den pågåande revideringa av kommunedelplanen legg ein no opp til å samla alle utsleppa frå området Knarvik – Alversund – Alverstraumen i eitt sentralt reinseanlegg i Knarvik. Reinseanlegget og overføringsleidningar er planlagt ferdigstilt i 2024.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik det er søkt om som ei mellombels løysing. Planlegging og gjennomføring av nytt reinseanlegg må prioriterast for å nå målet om ferdigstilling i 2024.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 13-5 vert det gjeve utvida utsleppsløyve for Alverstraumen reinsedistrikt på følgjande vilkår:

- **Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar, slik det er søkt om.**
- **Utsleppet vert godkjend for inntil 900 pe.**
- **Utsleppsløyvet er mellombels og gjeld fram til 31.12.2024.**
- **Slam skal leverast til mottak godkjend av forureiningsstyresmakta.**
- **Utsleppet skal drivast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta §§ 13-6 – 13-16.**
- **Prøvetaking skal gjennomførast i samsvar med § 13-2 i forureiningsforskrifta, tidsproposjonalt med minimum 6 døgnblandeprøvar per år.**
- **Dette løyvet erstattar utsleppsløyvet av 21.03.1997.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 13-5, fjerde ledd.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3356

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Lindås kommune

Postboks 7310 5020

BERGEN

Mottakarar:

Norconsult AS

Postboks 1199 5811

BERGEN